



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord Fjellstyre	13.04.2021	21/013

Ordninger for jakta 2021

- Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:**
Ordninger for jakta:
- Det vert trekt rekkefølge for tildeling. Utflytte eidfjordingar under 30 år vert trekt fyrst på varamannslista.
- Med atterhald om tilrådd kvote vert endeleg, vert det tildelt pakke med 1 fritt dyr og 1 bukk 2½ år og eldre.
- Det vert å tildela inntil 130 jegerar på Eidfjord statsallmenning utanom dei jegerane som vert tildelt løyve frå Ullensvang fjellstyre til bruk på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågenvassdraget.
- Lokal kortbank kan nyttast av jegerar som har teke imot tildelt pakke (for pris, sjå pkt. 21). Det vert å oppretta felles kortbank som skissert i saksutgreiinga dersom det er ynskje om dette frå dei andre fjellstyra.
- Innanbygds som søker for seint, vert gitt tilbod om kort mot eit gebyr på kr 500,-.
- Innanbygds ungdom som har lov til å delta i opplæringsjakt (fyller 16 år i år og er under 18 år) får tildelt eit fellingsløyve til pris av fellingsavgifta (kr 320,- for vaksne dyr og kr 190,- for kalv). Fellingsløyve gjeld fritt dyr.
- Tildelte fellingsløyve vert utlevert i ekspedisjonen, betaling skal skje med bankkort og mot framvising av godkjent jegeravgiftskort.
- Det vert kravd kr 200,- i ekspedisjonsgebyr frå dei som ynskjer betaling skal gjerast via bankgiro eller kontant, og fellingsløyve skal sendast.
- Det vert ikkje ordning med økonomisk refusjon for innleverte kort før og under jakta.
- Fjellstyret kjøper inn 100 stk Villreinen til utdeling til innanbygds jegerar og vidare til utanbygds så langt innkjøpte blad rekk.
- 17 mai-komiteen får 1 bukkekort som premie i 17. mai-arrangementet under føresetnad av at det vert arrangert konkurransar.
- Jakttida vert f.o.m. 10.08 t.o.m. 26.09. I tida 10.08-19.08 er det bare tillate å jakta vaksen bukk 2,5 år og eldre.
- Nattefredinga vert frå kl 19.00 til kl 07.00.
- Det kan vera inntil 3 medlemmer på jaktlaget. Kvar jeger må vera tildelt fellingsløyve.

16. Jaktlag kan vera samansett av inn- og utanbygdsbuande, med krav at alle må vera tildelt fellingsløyve stempla Ha-283. Frist for innsending av jaktlag til fjellstyret for godkjenning er 5. august. Ungdom i opplæringsjakt kan ikkje vera med på jaktlag.
17. Fellingsløyve skal vera innlevert fjellstyret seinast 5 dagar etter endt jakttid. Ved gjenteke brot kan dette medføra reaksjonar frå fjellstyret.
18. Innbygds jegerar med kort tildelt frå fjellstyret kan nytta kort frå private vald i Eidfjord på statsallmenningen. Utover dette vert det ikkje tillate fellingsløyve frå andre vald brukt på Eidfjord statsallmenning utan at dette er vedteke som samjaktavtale mellom valda.
19. Berre innanbygds jegerar og jegerar frå gamla Ullensvang herad med fellingsløyve stempla Ha- 283 kan nytta Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågenvassdraget. Dersom fredningssona er oppheva etter 20. september, kan utanbygds jegerar og jegerar frå gamla Ullensvang herad, nytta Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen.
20. Fredningssona: Vilkår og grensene for fredningssona slik oppretta i 2020 vert vidareført.
21. Pris innanbygds: Fritt dyr, kr 1400,- Bukk 2½ år og eldre, kr 1200,-
Pris på pakke (1 fritt dyr + 1 bukk 2,5 år og eldre) frå kortbank er kr 1000,-
Utanbygdsbuande betalar dobbel pris.

13.04.2021 - Eidfjord Fjellstyre

Framlegg til vedtak frå sakshandsamar vart drøfta i møte.

Tilleggsframlegg:

Ordningane for jakta er grunngjeve i ynskje om lokal forvaltning og styring av jakt og forvaltning. Det er difor viktig at:

- alle felte dyr skal registrerast i Set og skutt
- hjerne- og lymfeknutep prøve frå alle felte vaksne dyr **skal** takast og sendast inn
- slaktevekt på all kalv skal registrerast med nøyaktig vekt.

Røysting på framlegg med tilleggsframlegg:

Samrøystes vedteke.

EFS - 21/013 - Vedtak:

Ordningane for jakta er grunngjeve i ynskje om lokal forvaltning og styring av jakt og forvaltning. Det er difor viktig at:

- alle felte dyr skal registrerast i Set og skutt
- hjerne- og lymfeknutep prøve frå alle felte vaksne dyr **skal** takast og sendast inn
- slaktevekt på all kalv skal registrerast med nøyaktig vekt.

1. Ordningar for jakta:
2. Det vert trekt rekkefølge for tildeling. Utflytte eidfjordingar under 30 år vert trekt fyrst på varamannslista.
3. Med atterhald om tilrådd kvote vert endeleg, vert det tildelt pakke med 1 fritt dyr og 1 bukk 2½ år og eldre.

4. Det vert å tildela inntil 130 jegerar på Eidfjord statsallmenning utanom dei jegerane som vert tildelt løyve frå Ullensvang fjellstyre til bruk på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågenvassdraget.
5. Lokal kortbank kan nyttast av innanbygds jegerar som har teke imot tildelt pakke (for pris, sjå pkt. 21). Det vert å oppretta felles kortbank som skissert i saksutgreiinga dersom det er ynskje om dette frå dei andre fjellstyra.
6. Innanbygds som søker for seint, vert gitt tilbod om kort mot eit gebyr på kr 500,-.
7. Innanbygds ungdom som har lov til å delta i opplæringsjakt (fyller 16 år i år og er under 18 år) får tildelt eit fellingsløyve til pris av fellingsavgifta (kr 320,- for vaksne dyr og kr 190,- for kalv). Fellingsløyve gjeld fritt dyr.
8. Tildelte fellingsløyve vert utlevert i ekspedisjonen, betaling skal skje med bankkort og mot framvising av godkjent jegeravgiftskort.
9. Det vert kravd kr 200,- i ekspedisjonsgebyr frå dei som ynskjer betaling skal gjerast via bankgiro eller kontant, og fellingsløyve skal sendast.
10. Det vert ikkje ordning med økonomisk refusjon for innleverte kort før og under jakta.
11. Fjellstyret kjøper inn 100 stk Villreinen til utdeling til innanbygds jegerar og vidare til utanbygds så langt innkjøpte blad rekk.
12. 17 mai-komiteen får 1 bukkekort som premie i 17. mai-arrangementet under føresetnad av at det vert arrangert konkurransar.
13. Jakttida vert f.o.m. 10.08 t.o.m. 07.10.
14. Nattefredinga vert frå kl 19.00 til kl 07.00.
15. Det kan vera inntil 3 medlemmer på jaktlaget. Kvar jeger må vera tildelt fellingsløyve.
16. Jaktlag kan vera samansett av inn- og utanbygdsbuande, med krav at alle må vera tildelt fellingsløyve stempla Ha-283. Frist for innsending av jaktlag til fjellstyret for godkjenning er 5. august. Ungdom i opplæringsjakt kan ikkje vera med på jaktlag.
17. Fellingsløyve skal vera innlevert fjellstyret seinast 5 dagar etter endt jakttid. Ved gjenteke brot kan dette medføra reaksjonar frå fjellstyret.
18. Innabygds jegerar med kort tildelt frå fjellstyret kan nytta kort frå private vald i Eidfjord på statsallmenningen. Utover dette vert det ikkje tillate fellingsløyve frå andre vald brukt på Eidfjord statsallmenning utan at dette er vedteke som samjaktavtale mellom valda.
19. Berre innanbygds jegerar og jegerar frå gamla Ullensvang herad med fellingsløyve stempla Ha- 283 kan nytta Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågenvassdraget. Dersom fredningssona vert oppheva etter 20. september, kan utanbygds jegerar og jegerar frå gamla Ullensvang herad med fellingsløyve stempla Ha-283 og Ha-282, nytta Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen.
20. Fredningssona: Vilkår og grensene for fredningssona slik oppretta i 2020 vert vidareført.
21. Pris innanbygds: Fritt dyr, kr 1400,- Bukk 2½ år og eldre, kr 1200,-
Pris på pakke (1 fritt dyr + 1 bukk 2,5 år og eldre) frå kortbank er kr 1000,
Utanbygdsbuande betalar dobbel pris.

Særutskrift skal sendast til:
Fjellstyra på Hardangervidda

Heimesida
Vald i Eidfjord

Saka gjeld:

Villreinutvalet tilrår ein kvote på 8.000 dyr fordelt med 50% vaksen bukk 2,5 år og eldre, og 50% frie dyr. Kvoteforslaget er i all hovudsak framkome som følgje av Mattilsynets krav til innsamling av cwd-prøvar på Hardangervidda. Bestandsmål i gjeldende bestandsplan er underordna dette, men det er lagt opp til kalveproduksjonen på 1500 kalv i kvoteforslaget.

Det vert tilrådd ei jakttid frå og med 10. august til og med 7. oktober for Hardangervidda sør for Rv. 7. Nord for Rv. 7 vert det tilrådd å følgje samme jakttid som eventuelt vert vedteke for Nordfjella sone 2, og dette overlatast til Nordfjella å vurdere. Det er ikkje motteke forslag til jakttider for Nordfjella.

Dei lokale ordningane er sett opp med grunnlag i dei overordna føringane om tiltak for å følgja opp tiltak i forhold til å ha kontroll med cwd førekomst. Det er viktig å understreka ovanfor alle jegerar viktigheit av å ta hjerne- og lymfeknuteprøve frå alle felte vaksne dyr.

Tildeling no vert naturleg å gjera i form av å trekkja ei rekkefølgje, så vert det å tildela etter denne når fellingskvota er endeleg.

Tildeling

Tildelt fellingskvote i Eidfjord statsallmenning var 411 fellingsløyve i 2019, da var totalkvota på 6000 dyr. Det er forventa fellingskvote på 549 utifrå ei totalkvota på 8000. Ullensvang sin del av denne kvota vert om lag 62 fellingsløyve. Det står da att om lag 487 løyve å fordela til søkjarar i Eidfjord. Talet innanbygds søkjarar har vore ganske stabilt omkring 80 som har løyst eit tilbod dei siste åra, men i 2020 var det under 70. Fjellstyret har avgrensa talet jegerar til 130 i allmenningen. Fridyrkortet er normalt meir attraktivt enn eit reint bukkkort. Kvoteforslaget passar med tildeling av eit bukkkort og eit fridyrkort pr jegar. Dette gir om lag 227 fellingsløyve som kan disponerast i kortbank. Erfaringane er at det var mange som vel å løysa berre eit kort. Dersom det opnast for slik løysing vil nok dei fleste velja fellingsløyve for fritt dyr. Alternativ kan vera at det vert tildelt eit bukkkort og at dei som vil kan løysa eit fridyrkort i tillegg. Dette vil sikra intensjonen med kvota om felling av mest bukk som har større verdi i forhold til CWD-prøve.

Samjakt

Jakta vil vera meir utfordrande når det er ynskjeleg at det i hovudsak vert felt bukk. Dette tilseier at det ikkje bør tillatast fleir jegerar utan av det vert opna for større atraktive jaktområde gjennom samjakt. Det er ikkje kome innspel til fjellstyret om samjakt. Reglane som gjeld følgjer av hjorteviltforskriften, § 31. Fellesjaktavtaler for villrein

Fellingstillatelse gitt til ett vald kan benyttes i andre vald i villreinområdet, eller andre vald i villreinområder med felles bestandsplan, i hele eller en nærmere angitt del av jaktperioden. Dette forutsetter skriftlig avtale som viser hvilke vald og hvilke perioder fellesjaktavtalen gjelder for.

Fjellstyret bør drøfte om det skal vera rutinar om å inngå samjakt undervegs i jakta dersom det kjem førespurnad om dette.

For seine søknader

Ordninga har vore at innanbygds jegerar som søkte for seint kan berre velje simle/ungdyr + kalv. No når det truleg ikkje vert kort på kalv og simle/ungdyr, kan ikkje den regelen følgjast. I 2020 vart det gitt høve for innanbygds som søkte etter fristen å kjøpa kort til ein høgare pris. Meiner for seine søknader skal avisast eller dei kan få tilbod om å kjøpa kort frå eventuell kortbank mot eit tillegg på kr 500,- pr fellingsløyve. Utanbygds jegerar som søker for seint vert å avvisa.

Ungdom

Innanbygds ungdom som har lov til å delta i opplæringsjakt (fyller 16 år i år og er under 18 år) får tildelt eit fellingsløyve til pris av fellingsavgifta (kr 320,- for vaksne dyr og kr 190,- for kalv). Ungdomen har tidlegare fått fellingsløyve gratis, men meiner fjellstyret ikkje skal tapa på å gje ungdom jakt samstundes som eit slikt tilbod er rimeleg. Å betala fellingsavgifta synest å vera rimeleg.

Fjellstyret har i fleire år hatt ordning med at utflytte eidfjordingar vert prioritert på varamannslista. Dette har vore ordning for dei som er under 30 år før jakta startar.

Administrative ordningar

Tildelte fellingsløyve vert utlevert i ekspedisjonen, betaling skal skje med kort og mot framvising av godkjent jegeravgiftskort. Jegerane vert varsla om frist for betaling av tildelt korttilbod. Korta kan da hentast når det passar for jeger.

Det vert kravd kr 200,- i ekspedisjonsgebyr frå dei som ynskjer fellingsløyve skal sendast.

Fjellstyret kjøper inn 100 stk Villreinen til utdeling til innanbygds jegerar.

Ordning med innlevering av fellingsløyve under jakta. Ordningar som har vore er ekspedisjonsgebyr på kr 200,- pr fellingsløyve for innlevering og overføring. Innleverte fellingsløyve vert tildelt etter trekkingslista. Ordninga bør sjåast i samanheng med jaktlag. For sekretæren er det ein del ekstra arbeid med ordninga som ikkje er brukt av så mange, opp til 4-6 kvart år. For jegerar som ikkje er på jaktlag er ordninga god og for fjellstyret kan det gi ekstra inntekt dei åra kvota er låg og det er interessa for kort utover i jakta. Men med forslaget til kvote no har truleg fjellstyret nok kort. Eg tilrår at det ikkje vert høve til å levera inn jaktkort i løpet av jakta.

Fellingsløyve skal vera innlevert fjellstyret seinast 5. oktober. Ved gjenteke brot kan dette medføra reaksjonar frå fjellstyret.

Frikort til 17. mai komiteen 17 mai-komiteen har tidlegare fått 1 simle/ungdyrkort og 1 kalvekort som premie i arrangementet. No med bukke/fridyrkvote er det valet mellom fritt dyrkort eller bukkkort. Sidan kvota er stor kan fjellstyret se seg rå med å gi eit fellingsløyve. Ein føresetnad er at det kjem søknad frå komiteen og at det vert eit 17-mai arrangement med konkurransar som grunnlag for trekking av premie.

Jakttid og nattefreding

Tilrådinga frå Villreinutvalet er ei jakttid frå og med 10. august til og med 7. oktober. Fjellstyret har med varierende utfall og praksis utsett jaktstart. No med ynskje om mest felling av bukk er det ikkje ynskjeleg å utsetja jaktstart. Tidleg jakt frå 10. august til og med 19. august bør avgrensast til bukk 2,5 år og eldre. Intensjonen må vera å fella vaksen bukk i samband med cwd-overvaking. Samstundes kan det vera problematisk å ha jakt på bukk ut i oktober. Det bør oppmodast om ikkje å skyta storbukke etter 20. september pga brunst. Ser ein kalenderen er søndag 26.

september kanskje lenge nok som jakttid sidan og det siste veka ikkje vil vera rett å jakta bukk. Det betyr og at dei CWDprøvene frå denne perioden ikkje vil telja så mykje som prøvar frå storbukk. Nattefredinga vert frå kl 19.00 til kl 07.00. Denne ordninga er god innarbeidd og bør fortsetja.

Jaktlag

Ungdom i opplæringsjakt kan ikkje vera med på jaktlag. Det kan vera inntil 3 medlemmer på jaktlaget. Kvar jeger må vera tildelt fellingsløyve. Jaktlaget kan vera samansett av inn- og utanbygdsbuande, men berre med fellingsløyve stempla Ha-283. Frist for innsending av jaktlag til fjellstyret for godkjenning har vore 10. august, men dersom det blir jaktstart 10. bør fristen setjast til 5. august.

Forskrift om jakt, fangst og fiske i statsallmenning, § 9. *Villrein*

Fjellstyret tildeler fellingsstillatelser på villrein etter søknad. Er det flere søkere enn fellingsstillatelser, skal tildelingen skje ved trekning. Fjellstyret kan gi førstegangsjegere fortrinnsrett før eller under trekningen.

Fjellstyret kan i tillegg selge returnerte fellingsstillatelser uten krav om søknad.

Fjellstyret kan tillate at jegerne organiserer seg i jaktlag når minst en av jegerne har fellingsstillatelse. Tillatelsen til å organisere jaktlag skal under jakta medbringes av den som er ansvarlig for jaktlaget. Den som har fått utstedt fellingsstillatelsen, skal ha med denne under jakten.

Forskriften opnar for anna for for jaktlag enn den ordning fjellstyret har følgd. Sekretær har årleg fått spørsmål om dette frå utanbygds jegerar. Det er tydelegvis eit ynskje om å danna jaktlag der berre ein i jaktlaget har løyst ut kort.

Jaktområde

Berre innanbygds jegerar og jegerar frå Ullensvang med fellingsløyve stempla Ha-283 kan nytta Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågenvassdraget. Fredningssona har bidrege til auka felling når ein ser utover tal for statsallmenninga. Det synest naudsynt å vidareføra fredninga, men samstundes er det viktig å vurderer om fredninga kan opphevast på kort varsel når intensjonen med fredningssona ikkje er tilstades. Fredningssona har primært hatt funksjon når reinen trekkjer frå sentralvidda og vestover.

På slutten av jakta i 2020 vart det opna for at alle med kort stempla Ha-283 kunne bruka området sør for Nordmannslågen. Dette var naturleg nok positivt motteke frå utanbygds jegerar og i noko grad brukt. Dersom fredningssona vert oppheva er det ein situasjon med større jaktareal tilgjengeleg som og kan forsvare at utanbygds kan tillatast tilgang sør for Lågen.

Fjellstyret har og hatt ei ordning med at fredninga kan opphevast på kort varsel dersom dyra står i vest mot slutten av jakta og at det er mogleg med «returjakt». Vilåret tidlegare at reinen skal ha trekt vestover vert etter tilbakemelding frå jegerar og oppsynet. Dette vert nødvendigvis ikkje ein eksakt målemetode, men med å bruka ordlyden «hovudtyngda» signaliserar ein at i det minste skal over 50% av dyra vore trekt vestover. I tillegg er det no gps-merka fleire dyr som gjer det mogleg å halda kontroll kor hovudtyngda av dyra oppheld seg.

Det vart gjort endringar i fredningssona i 2020, slik jakta utvikla seg vart det ikkje hausta mykje erfaring. Så har ikkje grunnlag for å koma med forslag til endringar. Det vert tilrådd ordninga for 2020 vidareført.

EFS - 20/022 - Vedtak:

Vilkår til fredningsordninga: ,

1. Fredningssona gjeld for 2020
2. Fredningssona, som skildra over, kan opphevast gitt desse vilkåra:
 - a. Oppheving kan i vurderast etter 1. september
 - b. Hovudtyngda av villreinen skal stå lenger vest enn fredningssona.
Dette skal stadfestast frå oppsynssentralen på Skinnarbu

Vedtak om opning kan gjerast som tlf-møte og kan setjast i verk med slik tidsmargin at naudsynt varsling til jegerar og oppsyn er gjennomført

Kortbank

Intensjonen er å ha moglegheit til ein felles kortbank der fjellstyre (og privatområde) kan leggja ut ledige kort som privatpersonar eller vald kan kjøpa. Korta vil berre vera gjeldande på det området kjøpar har dokumentasjon til. Med kvoter der fjellstyret har meir fellingsløyve enn det vert opna for av jegerar i allmenningen, har det vore lokal kortbank. Ordninga har vore slik at jegerar som i utgangspunktet er tildelt fellingsløyve kan løysa fleire løyve om dei treng. Dette tilbudet har så godt som ikkje vore brukt. Kortbank krev ein administrasjon som held kontroll med fellingsløyvenummer og kva vald dei gjeld for. Oppsynet må til ein kvar tid vera oppdatert. Den som kjøper kort må kanskje ha ein skriftleg dokumentasjon frå det valdet kortet skal brukast på som ein sikring og vilkår for overføring. Også den økonomiske sida vil vere ei oppgåve for administrasjonen. Prisen bør setjast likt for alle, ser av samanlikning av kortprisar til utanbygds at det dyraste fridykortet i år er om lag kr 4000,- og kr 3000,- for bukk. Priseråmene i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning, § 13, opnar, slik eg les denne, for at prisen kan setjast meir enn det doble for utanbygds når «større utmarksstrekninger blir slått saman». Eit kort i kortbanken vil truleg vera mest attraktivt i område med sikker jakt. Dette vil igjen forsvara ein høgare utsalspris. Med 10% provisjon for administrasjon meiner eg kortprisen til kjøpar skal liggja på kr 5000,- for fritt dyr og 4000,- for bukk 2½ år og eldre.

Pris

Pris på fritt dyr har fjellstyret i sak om prisar på jakt og fiskekort sett til kr 1500,- for innanbygdsbuande. Bukkekortet er det ikkje sett pris på. I 2019 var prisen kr 1300,-. Meiner det er rimeleg at bukkkortet er prisa litt lågare enn fritt dyr, da dette er eit fellingsløyve med mindre valmoglegheit.

Årets forslag til kvote inneber rett til å fella kalv på kort for fritt dyr og bukk 2,5 år og eldre. Rett til og å fella kalv meiner eg bør speglast i prisen og tilrår kr 200 i tillegg på prisen som vart fastsett i 2020.

Elnan, Gunnar
sakshandsamar